



NVE

Postboks 5091, Majorstua  
0301 Oslo  
Hjemmeside: <https://www.nve.no>

## Innsending av høringsuttalelse

### Informasjonsside

For mer informasjon les mer på:

[NVEs hjemmeside](#)

Fortsett med høringsuttalesen

Ja

### Personopplysninger

Navn

ESPEN SKJERVEN HOLEN

### Kontaktinformasjon

Er søker et selskap under stiftelse?

Søker er et selskap under stiftelse

Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

### Saksopplysninger

Innsending av høringsuttalelse til NVE.

NVEs saksnr.:	Sakstittel
202106011	420 kV fjordspenn over Sognefjorden

### Høringsuttalelse

Høringsuttalelse

I søknad frå Statnett er det tenkt å nytta privat skogsveg og byggja baseplassar ved den på gbnr. 157/1 i Vik kommune. Dette tilseier omfattande anleggstrafikk ikkje berre på den private skogsvegen, men også gjennom den kommunale vegen Indre Borlaug som går mellom skogsveg og fylkesveg.

Skogsvegen har to grindar, desse er ein avhengig av då eg på garden har hest, storfe og småfe. Heile skogsvegen ligg i beiteområde på garden. Det same gjeld baseplassane. Baseplassane ved det nye fjordspennet ligg midt i utmarksbeitet. Det må takast omsyn til beitedyr i samband med baseplassane både ved Indre Borlaug og oppe ved det nye fjordspennet, og i samband med anleggstrafikk.

Alle baseplassane ved den private skogsvegen er innteknna der det er bygd velteplass, snuplass, avkjørsle og lagringsplass i samband med skogsvegen. Dette må takast omsyn til. Baseplassane ved den private skogsvegen vert nytta til for utanom velteplass til å lagra ved, maskiner, reiskap, grus. I tillegg vert plassane nytta av turgårar som parkeringsplass etter avtale med meg.

Skogsvegen er ikkje tilknytt fylkesvegen slik som Statnett sin søknad kan gje uttrykk for. Mellom skogsvegen og fylkesvegen Feios-Fresvik går den kommunale vegen Indre Borlaug. Denne kommunale vegen er skulevegen til dei tre døtrene mine. Dei går frå garden og ned til Sagi der den kommunale vegen treff fylkesvegen. Busstoppen er rett og slett vegkrysset mellom desse vegane. Den kommunale vegen frå 60-talet er ikkje bygd for at skuleungar og

Innsending av høringsuttalelse

anleggstrafikk skal nytta den samstundes. Busstoppet er heller ikkje dimensjonert etter det. Eg går difor ut i frå at det vert gjort avbøtande tiltak som sikrar borna mine trygg skuleveg. Den yngste vert 6 år same veka som ho skal byrja på skulen i august i 2025.

Anleggstrafikken er ein ting, men også helikopter lagar støy. Baseplassane ligg nærmre busetnad og driftssenter. Det er difor viktig at ein er medvit at me skal bu og leva i dette. Me skal ha eit akseptabelt daglegliv, og me skal kunna drifta og nytta eigedomen vår.

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon

Vedlegg bilder